

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skudenes

Emne: Vannbering

Bygdelag: Talnes soken.

Oppskr. av: Lars Gjøsheim,

Gard:

(adresse): Skudeneshavn.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fødd 1899 og er lærar i folkeskule.

## SVAR

på vannbering

For omlag 40 år sidan bar folk her ombering vaduet dei brukte. Dei som måtte bera det eit stykke, brukte for det meste to sirkbytter og "vassel". Denne vasselen låg på bae akslene og var laga av ein planker eller linn. Han var orhola for aksler og trals, så han låg bra støtt. Men eg såg litt, når dei skulle bera mykje, at dei la ekstra klede under på akslene. Dei som var litt hendte arbeidde vasselen sjølv; men dei kunne og få ein snikkar til å arbeida han. Eg har aldri sett andre enn jankrokkar til å hukkka byttene i med, og frå kroken og opp til vasselen brukte dei helst bæn, men eg har nok og sett at dei har brukte kjetting eller stålbrød.

Eg har ikkje sett at dei har brukte trebytter til å bera vaduet til huset i, men i min barndom var det vanleg at folk brukte trebytter til å gi krotene vaduet i. Dei kalla dei brymningebytter. Disse byttene sår eg det var skjeldan at dei arbeidde sjølv. Dei kjøpte dei anten i byane eller hjå "hardingane", som kom sørøver med

hüsflidvareer og söteple om hästane. Grå  
nyon var det helst treband på dei; men  
etterkvart som dei datt av sette dei helst  
jarnband på. Hanken over trebytta var og  
av tre, fore eller björk, så nær som krokane  
i endane, som gjekk inn i äyrene, var  
helst av eiver. Heile hanken kalla dei  
„hevel“, eller dei gamle sa „hevedl“. Denne  
d blir ikkje iittala av dei unge  
lenger. Hanken på sirkbytta kalla  
dei „hödda“ eller „hädä“. Her har slunge tre-  
bytter endå hjå summe; men dei har  
helst mist „hevelen“, og så har dei sett  
jarnhodde i staden. Vasselun brukta dei  
gamle til mange andre slags bering og.  
Nu nå er det sjeldan å sjå folk ber på  
vassel. Andre måtar å bera vatu på,  
har eg ikkje sett. Det var rekna for eit  
kvinnfolkarbeid; men om vinteren hjelpe  
nok mannfolka litt til, og blei det mykje  
snö, så gjekk det over til mannfolke-  
arbeid. Om sommaren var det og av og til  
at dei köyrde vatu i bjerre og summer.  
Nå er det storparten her som har lagt inn  
vatu, anten som springvatu eller  
med pumpe. Summe har og lagt inn  
elektrisk pumpe som pumpear både  
til hüsset og til hüsdyra.